



ROGER KLEIVEN  
Mykingvegen 829  
5913 EIKANGERVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

## Svar på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen i produksjonstilskot 2020 - Roger Kleiven

Vi viser til søknad om dispensasjon frå søknadsfristen for del 1 2020 i produksjonstilskot. Søknaden vart oversendt frå Alver kommune 9. mars 2021.

### Vedtak

*Statsforvaltaren i Vestland gjev føretaket Roger Kleiven, org.nr 969 916 312, avslag på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen for del 1 i mars i produksjonstilskot for 2020. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9.*

### Bakgrunn

Føretaket Roger Kleiven driv med hald av sau i Alver kommune. Du søkte om produksjonstilskot i mars og oktober 2020. Då du mottok vedtaksbrevet etter utbetaling i februar 2020 oppdaga du at tilskotssummen var lågare enn den pleier. Etter ein gjennomgang saman med kommunen, fann de ut at dyretalet som var ført opp per 1. mars 2020 var feil. Ved søknad i mars fekk du hjelp frå tilsett på landbrukskontoret til å fylle ut søknad om tilskot, då du ikkje nyttar PC sjølv til vanleg. Grunna ei misforståing vart det ikkje søkt om husdyrtilskot til søyer fødd året før (altså i 2019), berre eldre søyer.

### Regelverk

I følge forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket og Veileder til søknad om produksjonstilskudd, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristane er 15. mars og 15. oktober. Nokre opplysningar kan etterregistrerast fram til 10. januar året etter. Statsforvaltaren kan i særlege høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta § 9. Dei same retningslinene gjeld fristen for etterregistrering 10. januar.

Nye reglar ved innsending av søknad etter fristen vart innført frå 2020, jf rundskriv 8 -2020; «*Fra og med søknadsomgangen 2020 kan søknad om produksjons- og avløsertilskudd leveres inntil 14 dager etter søknadsfristen, dvs. til og med 29. mars eller 29. oktober, mot et trekk på 1 000 kroner per dag forsinkelsen varer. Etter denne 14-dagers perioden vil det ikke være mulig å levere søknad uten dispensasjon fra søknadsfristen.*»



## Vurdering

Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søker overheld fristane i samband med søknad om produksjonstilskot. Det er søker sitt ansvar å setje seg inn i regelverket og passe på at søknaden vert levert i rett tid, det gjeld også nye søkjarar. Dersom søker har gjeve ein annan i oppdrag å levere søknaden, er det søker sitt ansvar at denne medhjelparen får levert søknaden innan fristen.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2020–7 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlige tilfeller». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Dispensasjon er meint som ein sikkerheitsventil, og skal berre nyttast i heilt spesielle situasjonar. Dette tyder at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå søknadsfristen når søker sjølv kunne ha avverga at søknaden vart levert for seint. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering om det er eit særleg tilfelle.

Det skal ikkje innvilgast dispensasjon dersom søknaden er grunngjeven med at søker ikkje kjenner reglane i forskrifta. Det er søker sitt eige ansvar å halde seg oppdatert om dei gjeldande reglane.

Ut frå informasjonen vi har fått oppfattar vi det har vore mistydingar mellom deg og den tilsette på landbrukskontoret ved registrering av sauetal i mars 2020. Det går fram av rettleiingsmateriell og rundskriv kva dyr som skal telje med. Vi kan difor ikkje sjå at dette er eit særleg tilfelle som gir grunnlag for dispensasjon frå søknadsfristen for føretaket Roger Kleiven.

## Klagerett

Etter forvaltningslova kap. VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær  
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune    Postboks 4    5906    FREKHAUG